

DALSBYGD – SONGEN

1920 – 1970

*mel: Titanic visa*

Du kjære fagre Dalsbygd min eigen fødestad  
kvar gong eg på deg tenker då vert eg sæl og glad.  
Kvar eg i verda vankar og ferdast rundt ikring,  
vil lengt og fagre tankar gå heim mot venering.

Der Kyrkjefjell står vakta så trufast, trygg og greid  
og viser inn til bygda den rette stemmeleid,  
og sine skuggar sender til Norddals fagre fjord,  
der fjorden ligg og blenkjer mot Norddals fagre jord.

Når fjorden ligg i stilla og teikner fjell og strand,  
kven fell 'kje då i undring for slik ei skaparhand  
som inn i desse dalar med fjell og fjord er lagt  
ifrå den største kunstnar med høgste skaparmakt.

Om verda vil seg syna i all sin glim og glans,  
ho greier ikkje tyna den fagre fjelltopps krans.  
Der fjellet stend i glitring og tek sitt solarlaug  
frå høgste Torvløystinden til minste Dalsbygd-haug.

På dine grøne vangar i høgste sumarflor  
når blomane dei angar og livet skyt og gror,  
og hagane stend pryda i venast fargedrakt,  
så fuglane seg fryder og lovsyng livets makt.

Då buskapen han lengtar til støls frå dal og tvang,  
der elvesikler surklar i kapp med bjølleklang.  
Og gjenter syng og spelar på fagre Herdalsvang  
så Hereggtinden ljomar i vakker sætersang.

Sjå Daurmålfjellet vinkar til broder Middagshest.  
Dei bære to seg fryder med sau og ku som gjest.  
Frå støler tre det lokkar: Kom sau, kom ku, kom hest.  
Dei heim til støls seg flokkar før sola sig i vest.

Når sola sig i vester på høge himmelkvelv,  
og sine strålar sender til dal med foss og elv.  
Då tinar det i bringa. Det gjev meg von og tru.  
Alt godt og ljost og fagert vil her i bygda bu.

Så lat vi bygda pryda – med rettferd, syster – bror.  
Dei beste tankar lyda, frå ven – frå far og mor.  
Då skal vi heimen finna – med fred og livsæl ro  
- då målet vi skal finna og lukka fram skal gro.

Lat vi då trufast nøra den gode fedrearv  
som dei baud oss å bera før dei frå verda kvarv.  
Så arven fram kan veksa når vi har slokna av,  
og merket bjart kan lysa med stråler over grav.

Iver Krohn